
Rekneskap og årsmelding

for bygdelaget

«SUNNHORDLENDINGEN»

1968



Godøysund Fjord Hotel på Tysnes

BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN i Bergen vart skipa 31. januar 1919. Dei som skipa laget sette som føremål at det skulle arbeida for å fremja kjennskap, venskap og samhald mellom sunnhordlendingar i og kring Bergen, og å spreia kunnskap om den rike kulturen og sogetradisjon som sunnhordlandsbygdene har.

Laget skulle vera til hjelp med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som flytte til byen. Desse føremålsparagrafane freistar me så godt det let seg gjera å leva opp til.

Laget er no med i desse samskipnadene:

Noregs Ungdomslag, gjennom Hordaland Ungdomslag.
Bygdelagsnemnda.
FN-sambandet.
Vestlandske Teaterlag.
Teatersentralen.

Særlaga er grunnstamma i laget vårt. Ved å vera med i eit særlag, glir ein lett inn i miljøet i hovudlaget, og ein vil finna seg nye vener. Me har desse særlaga:

Spellag,
Leikarring,
Saumarlag,
Skytterlag,
Studienemnd,
Bladnemnd,
Turnemnd.

ÅRSMELDING:

Laget har i 1968 hatt 1 ordinert og 1 omframt årsmøte, 6 styremøte, 7 lagsmøte og 1 julegilde i Fensal. Ein har dessutan hatt 8 vanlege tysdagsdansar i Gimle.

Utsendingar til årsmøte i Hordaland Ungdomslag på Stord var Lars Olav Tveita og Olav Fjæra.

Aktiviteten i laget har i 1968 jamt over vore god. Det synte seg at den ordninga ein hadde fått i stand med "Sunnfjordlaget" om å veksla om møte fredagskveldane i Gimle ikkje slo an. Det var jamt over lite folk, og dei som kom var ikkje interesserte i anna enn å dansa såg det ut for.

Etter sumarferien gjekk ein så over til tysdagskveldane att saman med "Sunnfjordlaget". Ein hadde fått tak i eit nytt og mellom ungdomar populært danseorkester, og dette var ein fulltreffar. Reint økonomisk er det tysdagskveldane i Gimle som held laget oppe.

Arbeidet i Leikarringen og Spellaget vart teke opp att etter sumarferien, etter at det hadde lege nede i vårhalvåret. Studienemnd, Bladnemnd og Saumarlag og Turnemnd har ikkje vore aktive i 1968.

MØTEREKKJA 1968.

19. jan. Fredagsdans i Gimle. 30. personar.

26. jan. Møte i Gimle saman med Elevmållaget. Lektor Lægreid fortalde om "Forsøksgymnaset". 50 personar.

21. mars Møte i Fensal. Reiseinstruktør i N.U.L. Arnhild Aaen vitja oss og fortalde om arbeidet i N.U.L. Etterpå var det servering av kaffi og kaker. Dans.

24. april Møte i Gimle. Olav Fjæra synte film frå Fjæra i Sunnhordland. Mat og kaffi. Dans.

9. mai Møte i Fensal. Lars Olav Tveita synte ljosbilete frå Hardangervidda og Stølsheimen. Mat og kaffi. Dans.

10. sept. Dans i Gimle.

24. sept. Dans i Gimle.

8. okt. Dans i Gimle.

22. okt. Dans i Gimle.

31. okt. Møte i Fensal. Lars Olav Tveita synte ljosbilete frå årsmøtet i N.U.L. frå Sælbu. Kaffi og kaker. Dans. Frammøte: 20.

5. nov. Dans i Gimle.

14. nov. Møte i Gimle. Tidlegare ordførar i Etne, Trygve Vinje fortalde om historiske minnesmerke og hendingar i Etnebygdene. Mat og kaffi. Dans. Frammøte: 25.

19. nov. Dans i Gimle.

3. des. Dans i Gimle.

13. des. Julegilde i Fensal. Lett juletidstrøyte. Rjomegraut og spekemat, kaffi og julekaker. Dans. 75 var med.

17. des. Dans i Gimle.

BYGDELAGET "SUNNHORDLENDINGEN" REKNESKAP 1/1 - 31/12 1968

Husleiga	6.745,oo	Inngangspengar	26.128,18	Kontantar	6.554,o9
Matutgifter	1.262,68	Netto brussal	918,28	Lagsfondet	4.568,24
Lysingar	1.220,95	Medlemspengar	485,oo	Postgiro	20,45
Progr.musikk	9.691,17	Postgiro 1/1 -68	34,79	2 luter L/L Bygde-	
Ymse lagsutgifter	604,10	Lagsfond 1/1 -68	4.392,54	huset	2.000,oo
Skyttarlaget	157,95	Kontantar 1/1-68	546,3o	Fana	1.500,oo
Spellaget	18,55	Renter bankinnskot ..	183,o9	Målarstykke	500,oo
Leikarringen	925,oo			Skrivemaskin	500,oo
Bygdelagsnemnda	30,oo				15.642,78
H.U.L. lagspengar	560,oo				
Sunnabu	300,oo				
F.N.	30,oo				
Postgiro 31/12 -68	20,45				
Kontantar 31/12 -68	6.554,o9				
Lagsfondet 31/12 -68	4.568,24				
	32.688,18		32.688,18		

Eiga pr. 31/12 1968

Bjørg Tronshaug

REKNESKAP FOR "SUNNABU" 1968

Taps- og Vinningskonto pr. 31/12 1968.

Ved, koks, parafin, gass, straum	998,44	Overnattingar	2.367,oo
Assuranse	67,oo	Renter av bankinnskot	34,63
Vedlikehald	897,9o	Innk. Myntaut.	330,44
Ymse utlegg	544,o6		
Overskot	224,67		
	2.732,o7		2.732,o7

BALANSEKONTO pr. 31/12 1968

Hytta kjøpesum ...	23.000,oo		Eigenkapital	28.748,58
Påkstn. tidl.	4.060,83		Overskot	224,67
" 1968	210,oo	27.270,83		
Bankinnsk. Vestl.b.	1.39			
" Priv.b.	1.369,87			
Kontantar	331,16	1.702,42		
		28.973,25		28.973,25

Bergen den 31. des. 1968 / 10. febr. 1969

Aase Liv Tveita

Eigenkapitalen er framkomen slik:

Fond til utferdsstad		9.263,74
Ytingar frå Hovudlaget pr. 1/1 -68	13.854,79	
" " " i 1968 ...	300,oo	14.154,79
Overskot av drift hytta pr. 1/1-68	5.330,13	
" " " " i 1968	224,67	5.554,8o
Eiga pr. 31. des. 1968		28.973,33

Ettersett:

Per Ivarsøy Jørgen Solberg

SPELLAGET.

Det synte seg vanskeleg å koma i gang med faste øvingar i Spellaget på vårhalvåret 1968. 4 av medlemene, og dei som kanskje viste den største interesse i dette særlaget, reiste utpå våren frå byen og heim til Tysnes. Me vil takka Anni og Kjell Brekke og Ingeborg og Eivind Tysnes for stor og hugheil innsats i lagsarbeidet.

Etter sumarferien kom ein så igang med øvingane. Ein tok opp att spelstykket "Kjerringnaud på strilelandet". Dette har vore framført i 1967 på Storebø. No er det nye folk i alle rollane så nær som Britha Lofthus som også denne gongen spelar "Kornelia". Dei andre som er med er Brynjulf Dalland, Åse Liv Tveita, Anne Tin[illegible] Astad og Inge Mikal Helland. Agnar Bruntveit er medhjelpar og slåfør. Instruktør er Per Ivarsøy.

Det er meininga at fyrste framsyninga vert i Gimle 18. mars 1969 på eit møte i samband med 50 års høgtida.

I styret har vore Per Ivarsøy, Eivind Tysnes og Agnar Bruntveit. Etter at Eivind reiste frå Bergen, har Inge Mikal Helland overtęke hans plass i styret.

Inge Mikal Helland.

SKYTTARLAGET.

Laget har i 1968 hatt to tevlingar - bygdelagstevlinga og lagstevlinga om Sunnabukruset.

Bygdelagstevlinga vart halden på Nesttun skytebane 22. september. Det deltok 32 mann fordelt på 4 bygdelag. I kampen om bygdelagspokalen kan kvart bygdelag stilla med åtte mann og dei fem beste tel samanlagt. Sognalaget vann som vanleg pokalen og sette rekord med 1063 poeng. På dei neste plassane kom Sunnfjordlaget, Nordfjordlaget og som ein god nummer fire Sunnhordlendingen. Me var ikkje langt etter Nordfjordlaget denne gonge[illegible] så målet i 1969 må mellom anna verta å slå dei. Laget vårt var: Samson Bakke, Kåre Lauvås, Åge Leknes, Ragnar Spissøy og Bjarne Tvedte.

I den klassevise premieringa fekk Samson Bakke 3. premie i klasse 3, og Kåre Lauvås 1. premie i klasse 2.

Lagstevlinga vart halden 8. oktober på same bane som bygdelagstevlinga. Deltakinga var bra, og det same kan ein seia om veret, sjølv om det vart noko mørkt på slutten. Sunnabukruset vart vunne av Samson Bakke med den sers gode poengsummen 185. På andreplassen kom Ragnar Spissøy og på tredje Kåre Lauvås.

I styret har vore: Ragnar Spissøy, Aksel Ytrenes og Kåre Lauvås.

Kåre Lauvås.